



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juli 2024

67. årgang



**Jubileumsgudsteneste i Gulen kyrkje 25. august  
i samband med Nasjonaljubileet. Sjå meir s. 12-13.**

**REDAKTØR: Kyrkjeverja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gave til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST**

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169.

[hk482@kyrkja.no](mailto:hk482@kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586

[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og torsdag.

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/****FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

[bodil.bjorlo.takle@enivest.net](mailto:bodil.bjorlo.takle@enivest.net)

Nestleiar: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 [haugenaa@online.no](mailto:haugenaa@online.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.****Redaksjonen:**

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem i september/oktober.

**Frist: 15. september.**



## Ferieavvikling på kyrkjekontoret

Kyrkjeverje Ingunn Sognnes har ferie 1. juli til 1. august, men gravferdsvakt fra og med fredag 26. juli.

Kontorsekretær Margrethe Skåden har ferie 29. juli til 19. august. Ho har gravferdsvakt når kyrkjeverja har ferie.

## Ny sokneprest i Gulen fra august

Håkon Økland Kinsarvik er tilsett som ny sokneprest i Gulen, og startar til hausten. Alt i august skal han ha nokre gudstenester her, før han vert innsett som sokneprest av prost Helge Taranrød 8. september i Gulen kyrkje. Den trettifem år gamle soknepresten kjem frå bygda Vaksdal.

I barne- og ungdomsåra var han aktiv med i Røde kors, og etter kvart vart han med på bedehuset på Vaksdal.

Etter vidaregåande gjekk han eit år på bibelskulen ACTA. Året etter jobba

han i organisasjonen LAGET før han starta på studiar til å bli prest.

Planen var eigentleg å bli styrmann, men ei kallsoppleving gjorde at det var prest han skulle bli.

Han har studert ved misjonshøgskulen i Stavanger (i dag VID), ved NLA i Bergen og Kirkelig utdanning i nord. I 2018 var det fest i bygda då han vart ordinert i Vaksdal kyrkje.



Det første året jobba han i Eidsvåg og Biskopshavn sokn som kapellan.

Frå 2019 og fram til i dag har han vore spesialprest i Meland sokn.

Han har jobba mykje med barn og ungdom, samstundes som han har hatt vanlege presteooppgåver som gravferd, vigsel og gudstenester.

No ser han fram til å komme til Gulen. Han flyttar til Eivindvik i sumar, og ser fram til å bli betre kjend med lokalsamfunnet, bygdene og kyrkjelydane.

**Vi ønskjer Håkon varmt velkommen til Gulen!**

*Ingunn Sognnes*

## Tru kan ikkje målast

Av Bjørn Magne Hansen

Me lever i ei verd der mangt og mykje skal målast, vegast og dokumenterast. Også i kyrkja er det slik, der ein tel alle som er til stades på gudstenester, kyrkjeloge handlingar og andre arrangement og rapporterer inn til Statistisk Sentralbyrå i januar kvart år. Så ser ein om tala går opp eller ned, samstundes som det sjølvsagt er mykje som påverkar nett det, som til dømes talet på døypte eller talet på konfirmantar. Men talet på kor mange som møter fram her eller der, fortel jo ikkje eigentleg så mykje om kor mange som trur på t.d. Jesus eller Gud, og kva trua har å seie for den einskilde.

Som prest har eg gjennom åra møtt svært mange menneske i ulike situasjonar, når nybakte foreldre ber borna sine til dåpen, konfirmantar kjem med sine mange spørsmål, par ynskjer vigsel i kyrkja, nokon følgjer sine til grava, eller når ein berre møtest og slår av ein prat. Då er det ikkje vanskeleg å sjå spor av tru. Oftast ikkje tru med store, tydelege bokstavar, men som folk flest her ute i havgapet, heller tru mellom linjene, tru bak forsiktige ord. Som Kjell Aukrust i sitt fascinerande univers «Flåklypa» uttrykkjer det, i mållaus undring over skaparverket: «Gud velsigne Vår Herre» (i boka «Ludvig»).

Tru kan lukkelegvis ikkje talfestast eller målast. Trua vår er det berre Vår Herre sjølv som kjenner, slik han har

skapt oss alle og kjenner oss fullt ut. I evangelia i Det nye testamentet møter me mange døme på tru. Eitt av dei er ei fascinerande beretning om ein dag Jesus kjem til Kapernaum. Markus skildrar det slik (kap. 2): Folk flokka seg om Jesus då dei fekk høyre at han var komen til byen, og i huset der han budde, var det stapp fullt. Då kom det fire menn berande på ein lam mann. Dei hadde tydeleg hørt om Jesus, og no hadde dei teke den lamme mannen med seg på ei båre i håp om at Jesus kunne gjera han frisk. Men då dei kjem til huset, er det så fullt av folk at dei ikkje kjem inn. I staden går dei opp på taket, bryt opp flettverkstaket og senkar båra ned midt framfor Jesus og alle som er samla. Så skjer underet: Jesus ser mannen og seier til han: «Stå opp, ta båra di og gå heim!» Og Markus fortel: «Då reiste mannen seg, tok straks båra si og gjekk ut framfor dei alle, så dei vart reint frå seg av undring. Dei lova Gud og sa: «Noko slikt har vi aldri sett.» Det fascinerande er at det står ingen ting om kva mannen sjølv tenkte om det som hende. Det var dei fire mennene som trødde til, som trudde at her kunne det vere hjelp å få, som bar den lamme mannen til Jesus. «Trua sine føter», vert det sagt. Tenk ikkje smått om trua di på Gud, på Jesus Kristus! Gje den næring og lat den få blomstre, slik som ved å be til Gud om det du tenkjer på, ved å lese i Bibelen, Guds ord til oss, og gjennom gudstenesta eller andre arrangement i kyrkjene og bedehusa våre!

## Vårdugnad i kyrkjene

Kvar vår er det tradisjon med dugnad i kyrkjene og på gravplassane, og i år har det vore god aktivitet i alle sokna. Det er sokneutvala som organiserer dugnaden, set opp plakat og inviterer folk i bygda til å vere med. I Brekke er Brekke bygdekvinnelag alltid med. Det har blitt vaska og rydda, busker har blitt klipte og gamle mosekransar fjerna, gravlykter på avvege er tekne hand om, og sanneleg er målarkosten teken i bruk, og i Brekke trong bårehuset litt ekstra vedlikehald. Det er berre å seie til alle som har bidrege: Tusen takk for at DU var med, det har vore ein fryd å sjå kor fint det har blitt!

*Helsing kyrkjeverje Ingunn*

### Dugnad Gulen:



Det er utført godt dugnadsarbeid både inne i kyrkja og ute på gravplassen.

### Glimt frå Mjømna:

15. april var det dugnad på Mjømna. Vi startet i gråvær, men etter en stund kom solen frem. Det ble vasket, kostet og ryddet, og vi fikk krysset av de

flest punktene på dugnadslisten.



Selv om noen og hver var slitne, ble det sannelig også planlagt fremtidige dugnadsprosjekter! All ære og stor takk til denne fine gjengen!

Tekst og foto: Anne Ytreø

### Dugnad Brekke Foto Renate Sætre



Maiken stekte vafler til dugnadsgjengen, og etter endt økt smakte det godt med kaffe, vafler, sjokoladekake og en hyggelig pratstund i solveggen.



## Påskebesøk i Gulen kyrkje

Rett før påske var Eivindvik barnehage på besøk i Gulen kyrkje. Der tok Åse Haugen dei gjennom heile påskeforteljinga med flanellograf. Det slo an!



## 8. mai og fredsgudstjeneste på frigjørings- og veteran-dagen

8. mai var vel 50 personer samlet i Mjømna kirke og senere ved minnestøtten for oppstart av Bjørn West. Vi ville sammen feire frigjøringsdagen, og også minnes de som kjempet for at Norge skulle bli et fritt land. Gudstjenesten ble en påminnelse om den kampen som ble kjempet for landet vårt, og vi ble minnet om hvor heldige vi er som lever i et fritt Norge. Ekstra sterkt ble det at mange ukrainere deltok på gudstjenesten for å feire vår frihet, når deres eget land er i krig.



Deler av gudstjensten ble oversatt til ukrainsk og lest av Valeriy Hrunchyk, og Irina Luniak deltok med vakker ukrainsk sang.





Esther Unneland leste det tankevekkende diktet «Tidlaus song». Allsangene «Gud signe vårt dyre fedreland» og «No livnar det i lundar» har vel aldri hatt større betydning enn under en gudstjeneste som denne. Prost Helge Taranrød intervjuet Ragnar Kayser, sønn av Fredrik Kayser, som var en av hovedpersonene ved oppstarten av Bjørn West. Han var en kjent motstandsmann som gjennom store deler av krigen viet sitt liv for et fritt Norge.



Etter en fin stund i kirken gikk vi ned til minnestøtten, der tale og kranse nedleggelse ventet.



«Ja, vi elsker dette landet» ble sunget, og med en organist som spiller like godt inne som ute i bitende nordavind, ble det en høytidelig stund.



Ådne Wilberg og Ragnar Kayser

Så var det ungdommens tur! Ådne Wilberg var dagens taler. Han holdt en reflektert og fin tale som inneholdt både takknemlighet for de som kjempet for et fritt Norge, og ønsker om at vi fortsatt kan få leve i et land i fred. Kransenedleggelsen ble foretatt av ungdommene Alina Kornieieva og Bogdan Kotliar fra Ukraina.



Jeg er både stolt og takknemlig over å være en del av Mjømna sokn. Vi har fått erfare at godt samarbeid fører til gode resultater og gir grobunn for godt samhold mellom de ulike gruppene som har fått i stand denne feiringen av frigjørings- og veteran-dagen. På vegne av Mjømna sokn vil jeg takke prost Helge Taranrød, gruppen for minnesteinen for Bjørn

West, flyktningkonsulent Odd Harald Eide og våre ukrainske sambygdinger, de flinke ungdommene og alle de andre som var med på å gjøre denne dagen fullkommen.

*Tekst og foto: Anne Ytreøy*

## Konfirmantane i Mjømna kyrkje 27.04.



*Foto: Linn Dyveke Wilberg*

Framme fra venstre:

Zara Samira Braaten Kirca og Mathilde Birknes Molland.

I midten fra venstre:

Ada Dorothea Wilberg, Isabell Larsen og Henrik Einebærholm Larsen.

Bak fra venstre:

Sokneprest Bjørn Magne Hansen,

Sigurd Sørhaug, Kristian Hjartholm og konfirmantlærar Maren Daae Eide.

## Konfirmantane i Gulen kyrkje 04.05.

(foto øvst på neste side)

Framme frå venstre:

Konfirmantlærar Maren Daae Eide, Tilde Sofie Midtbø, Malin Håvåg Husevåg, Aina Isabelle Dilidili Sandhåland og konfirmantprest Torbjørn Sæle.

Rad 2 frå venstre:

Aurora Skogen Westervik, Emilie Thune Hantveit og Christina Brudevoll.

Rad 3 frå venstre:

Emma Birkeland Skuggedal, Even Birkeland Skuggedal, Jakop Leknes og Maria Iversen Bergetun.

Bak frå venstre:

Benjamin Villanger Henriksbø, Jimmi-André Birkeland og Rune Wesenlund Hjønnnevåg.

## Konfirmantane i Brekke kyrkje 11.05.

(foto nedst på neste side)

Framme frå venstre:

Konfirmantlærar Eirik Halsnes, Liv Marit Oppedal, Malin Haugland og sokneprest Bjørn Magne Hansen.

Bak frå venstre:

Adrian Hjartholm Ottesen, Oskar Hauge Asheim og Emil Svartemyr Virkesdal.



Konfirmantane i Gulen kyrkje 2024. Foto: Margrethe T. Trædal



Konfirmantane i Brekke kyrkje 2024. Foto: Renate Sætre



6	7	4	8	6	7	3
2	8		5	7	9	5
1	2	3	4	5		10
10		13	4			10
5	3	4	5		11	5
12	11	5	3	3	5	
11	13	1	4	5		1
15	8		5	7	10	2
8	5	1		8	7	3
6		6	11	2	3	
7	10	2		11	15	8
3	7	10	10		1	2
	5	16		6	7	3
17	4	5	10	2	10	5
14	8	10	5	8		11
					15	8
						10
						12
						18

## SOMMARKRYSSORD

Laga av Einar Søreide

Kvar har fotografen vore? Når du har funne det, då er du godt på veg til å løyse dette kryssordet. Dette er eit kodekryssord der kvart tal skal erstattast med ein bokstav Litt hjelp: Du finn fleire gulennamn i kryssordet. Dessutan finn du førenamnet på ein tidlegare sokneprest, og etternamnet til ein annan. Lukke til!

## Sommarkryssordet

Sdend løysinga til redaksjonen innan

**1. september.** Du kan sende pr. post eller knipse svaret med mobilen og sende som E-post eller SMS til redaksjonen. Vi trekkjer ut ein vinnar som vil få tilsendt ein liten premie.

- Og hjarteleg takk til Einar Søreide, som enno ein gong har laga kryssord til oss!

## Livets sjåfører

Fra østen, fra vesten,  
til himmelfesten  
hvert menneske innbuddt er.  
Men kun én gang vi kjører  
som Livets sjåfører,  
så venn, forsiktig vær.

Jesus gav oss sertifikat,  
har bilen fått av Gud.  
Bibel og bønn er «motor-mat»,  
og vegen er Guds bud.  
Hold køen, hold sporet,  
vik ei fra roret,  
så kommer du sikkert frem.  
Bryt ikke loven,  
hent kraft ifra oven,  
så kommer du uskadd hjem.

Mange fikk skrammer,  
bulker i rammer,  
et uvoktet øyeblikk.  
Gud verksted opprettet  
hvor feil ble utslettet,  
men ikke det arr en fikk.

Kjør da forsiktig,  
det gjeld handle riktig.  
Tap ei din renhets glans.  
Vegen har farer, satan set snarer.  
Bruk dine bremser, stans!

Livets sjåfører er kun amatører.  
Det er bare én ekspert.

Uten himmelrøsten  
vi havner i grøften,  
har mange bittert lært.

Men Gud kjenner leia.  
Med Han over heia  
vi trygt når himmelens land.  
La han få bestemme, snart er vi hjemme  
hvor intet oss skade kan.

*Målfrid Olaussen*



## Konsert i Gulen kyrkje

**11. august kl. 19.00** blir det konsert i

Gulen kyrkje ved Amalie Duesund og Rune Alver. Tema: Lyrikk og musikk. Konserten i år presenterer lyrikk frå store lyrikarar frå Vestlandet.

Olav Nygard vil stå i fokus, etter som det er hundreårsminne for han i år, og i Eivindvik ønsker vi så klart å innleie med diktet «Eivindvik» av Henrik Wergeland. Samtidig ønsker vi å bruke dikt av Aslaug Låstad Lygre, som står som ein stor og viktig kvinneleg lyrikar. På konserten blir dikta ramma inn med vakker musikk og klangfargar frå ulike fløyter og piano. Det blir stemningsfullt, og vi gleder oss veldig til å dele eit slikt konsertformat med publikum i Eivindvik.

# Nasjonaljubileet Noreg i tusen år – og landslov-jubileet

**Det skjer på Gulatinget og i Gulen kyrkje helga 23.-25. august**

**Frå heimesida til Gulatinget:**



23. – 25. august har vi glede av å invitere til ei stor jubileumsfeiring i høve Nasjonaljubileet Noreg i tusen år og Landslovjubileet 750 år.

Gulatingslova er den eldste lova i Norden, og med verdiane Folkestyre-Tillit-Fred ønskjer vi å revitalisere og aktualisere Tusenårsstaden Gulatinget for framtida. Gjennom seminar, debattar og felles kulturopplevingar skal det leggjast grunnlag for ein konstruktiv dialog der ulike stemmer kan få plass. I dagens nettbaserte og globale verd har det blitt eit heilt nytt og annleis debattklima. Det er viktig at vi kan skape rom for nyansar framfor svart/kvitt og steile motsetningar. Jubileet Gulatinget 2024 skal auke vårt medvit og vår kunnskap om kva Gulatinget har betydd for demokratiet i Noreg, og korleis denne arven kan forvaltast vidare.

Lokal medverknad er viktig for at målet med feiring kan realisera i

praksis. Gulatinget 2024 skal jobbe med verdiar i lovverket, og i jubileumsåret har vi von om at vi i fellesskap skal få ei djupare forståing av omgrepa folkestyre, tillit og fred.

Kva har dette betydd i ein historisk samanheng, og korleis forstår vi omgrepa i dag? Born, ungdom og eldre, lag og organisasjonar er alle viktige stemmer. Kanskje brenn du for ei sak du meiner er viktig for bygda di, eller du løfter stemmer gjennom frivillig arbeid? Alle er vi viktige bidragsytarar for å byggje berekraftige lokal-samfunn. Set av helga 23.–25. august!

## Jubileumsgudsteneste i Gulen kyrkje 25.august

Vi har mykje å feire i dette jubileumsåret. For første gong i historia har Bjørgvin bispedøme fått kvinneleg biskop, og biskop Ragnhild Jepsen kjem for å halde jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik 25. august. Slik vil biskopen bidra til ei verdig og høgtideleg avslutning på det offisielle programmet denne jubileumshelga. Mange fleire deltek, blant anna blir det song av skuleelevar og av Brekke mannskor. Prost Helge Taranrød og fungerande sokneprest Bjørn Magne Hansen deltek, og organist Peter T. Jobbagy. Ordførar May-Lynn Osland blir med, og sjølvsagt vår nye sokneprest Håkon Kinsarvik.

Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi i Gulasalen på kommunehuset.

Vi håpar mange tek turen til Gulen kyrkje denne dagen!



Magnus Lagabøtes landslov, Gulatings-versjonen. Foto: Nasjonalbiblioteket

## Magnus Lagabøte si Landslov frå 1274

Av prost Helge Taranrød

Kva kan Magnus Lagabøte si landslov frå 1274 ha å seie for vårt engasjement/lovverk i dag, i møte med flyktningar i dagens samfunn?

Vi seier gjerne at om 100 år er allting gløymt. Men gjennom Magnus Lagabøte og Landslova frå 1274 vart vi kjende med historiske, diakonale og bibelske kjelder som var gyldige i landet vårt for 750 år sidan. Det er inspirerande og håpefullt. For samfunnet. For kyrkja i dag.

Ein kan godt spørje om ein norsk konge frå 1200-talet kan ha noko verdfullt å by på for vårt samfunn i 2024. Vi kan starte med at kong Magnus var radikal i si samtid.

Etter 100 års borgarkrig i landet vart han den første i kongerekka som ikkje førte krig. Med få ord kan vi seie at Landslova sette lov og rett framfor makt. Og han omforma ættesamfunnet.

«Gud var til stades overalt i Bergen på

1200-talet», skriv rettshistorikar Jørn Øyrehaben Sunde i boka «Kongen, lova og landet» (2023).

Magnus skulle eigentleg ikkje verte konge. Han vart derfor i utgangspunktet ikkje skolert av dei lærde dominikanarane ute på Holmen i Bergen, der far hans, kong Håkon, heldt til. Magnus fekk derimot utdanninga si blant fransiskanarane.

Klosteret låg midt i bykjerna, blant dei fattige, dei sjuke, dei lemlestna og mange fleire. Fransiskanarane var diakonale i si gjerning. Kanskje var det dei som lærte Magnus om dei fire guddommelege døtrene i Salme 85,11, Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.

Kristenretten som vart innført på Moster i 1024, var forløparen.

På «Moster 2024» si heimeside kan vi lese: «Kristenretten vart starten på ei omfattande og radikal samfunnsvelting – «frå maktsamfunn til retts-samfunn» og markerte byrjinga på ei ny tid, med sterke menneskelege omsyn og rettsvern for individet.»

Det er ein klar samanheng mellom desse diakonale og bibelske kjeldene og Landslova som Magnus forma – det lengst varande lovverket i landet vårt si historie. 400 år.

Det enkelte mennesket var i ættesamfunnet beskytta av si eiga ætt. Skjedde det urett, var det opp til ættene å løyse dette mellom seg. Makt, rang, eide-dom og våpen avgjorde usemje og strid.

Med Landslova fekk landet ei lov som gjaldt alle. Absolutt alle. Makt vart avløyst av rett. Øyrehaben Sunde

viser til at Magnus inviterte dei som ikkje hadde sete attmed bordet, til å delta i samfunnet. Kvinnene, som ikkje hadde eigedomsrett. Dei fattige, som ikkje kunne forsørge seg sjølve. Dei sjuke, som trong pleie og omsorg. Kristenretten og Landslova slo uttrykkeleg fast at alle menneske er skapte i Guds bilde. Alle. Også dei som ikkje hadde sete attmed bordet.

Kven er så dei som ikkje sit attmed bordet i vår tid og i vårt samfunn?

Det er mange som har grunn til å kjenne det slik i dag. Makt og rang spelar ei stor rolle også i vår tid. Men vegen er kort til å tenke på dei som kjem til oss tomhendte. På flukt. Med ingen ting i handa. Med ei bøn om å søke ly for ufred og krig. Om å verte teken imot. Som eit menneske. Skapt i Guds bilde.

Kristenretten kom ikkje i mål.

Ikkje Landslova heller.

Vår generasjon kjem heller ikkje i mål. Men vi gjennomfører vår etappe med å bere vidare desse grunnleggande verdiane.

Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred. Flyktningane vi har blant oss, er ein syrestest på vår evne til å leve ut desse verdiane. Ikkje berre til å vise omsorg, men også invitere inn til bordet.

Til deltaking. Til å bidra.

Og kyrkja er slett ikkje åleine om å tenke slik. Kyrkja har få ressursar – dei friviljuge i kyrkjelydane er dei viktigaste. Kommunen har heldigvis dedikerte og dyktige medarbeidrarar som gjer ein stor innsats. Dei fortener stor takk og samarbeid frå kyrkja.

## Reisebrev 1: På jakt etter røtene

Reisebrevet vi refererer til her, står i Kyrkjebladet nr. 2-2023 for Hyllestad. Det innhaldsrike brevet er skrive av Oddlaug Løvik, som er barnebarn til sokneprest Olaf Karenus Ottesen (1856-1932). Ottesen var først sokneprest i Hyllestad, før han flytta til Gulen i 1893.



Mens han var i Hyllestad, gifta han seg med Mary Caspersen, og dei fekk barna Otto Christian (f.1887), Aslaug (f.1889) og Realf (f.1891).

Oddlaug Løvik hadde lenge gått med ein draum om å besøke Hyllestad, der morfaren var prest, og der mor Aslaug var fødd. Og i september 2023 vart turen ein realitet.

Fra vitjinga i Hyllestad kyrkje skriv Oddlaug mellom anna: «Det var så fredeleg å gå omkring og berre nyte kyrkjerommet. Døypefonten stod der, og me fekk vite at den hadde vore på vidvanke nokre år, men var no på plass. Fat og vannmugge var som før. Mor var fødd 09.04.1889, og eg lét

tankane gå attende til ein fin vårdag for 134 år sidan, då ei lita jente vart døypt av sin far og fekk namnet Aslaug.»

Olaf Karenus Ottesen flytta til Gulen i 1893, der han var sokneprest til han gjekk av med pensjon i 1926. Kona Mary døydde allereie i 1909, og Olaf døydde i 1932. Begge ligg gravlagde på gravplassen i Eivindvik. Så litt om prestedottera Aslaug, slik Oddlaug Løvik skriv til slutt i reisebrevet:



«Ho fann seg ein bonde på ein fjellgard – Kjelby, og bondens namn var Ola M. Kjelby. Bryllaupet stod 14. januar 1910 i Gulen kyrkje.

Det var nok å ta fatt på, så noko latmannsliv vart det ikkje. Av 12 born var det 9 som vaks opp, to gutter og sju jenter. Mor døydde i februar 1966, og far døydde i april 1977.

No er det oss to yngste som er att, Bjørg, snart 93, og eg, som er attpå-skatten fødd i 1940 og nett fylt 83 år.»



Turen blei vellukka på alle måtar. Dei avslutta med eit besøk i Kvernsteinsparken. Oddlaug heilt til høgre.

Vil nokon lese heile reisebrevet, så finn de det på nettet, på heimesida til kyrkja i Hyllestad.

### Eit vakkert gravminne



Foto: Anne Tveit

Gravsteinen til sokneprest Olaf Karenus Ottesen og kona Mary finn vi på nedre gravplassen ved Gulen kyrkje, rett innanfor midtre porten på sørsla. Eit vakkert og velstelt gravminne som etterslekta nok veit å halde i hevd. Grava er freda.

## Ottesen fekk bygd ny prestebustad i Eivindvik



Ca. 1902/1903 vart det bygd ny prestebustad, etter at sokneprest Ottesen meinte at det var helsefarleg å bu i den gamle. Det vart inngått byggeavtale mellom Ottesen og byggmeister Korsvoll, og huset vart sett opp ved paktarbustaden (no riven) og fjøsbygningen (der kommunehuset no står). Olaf Ottesen og familien budde i det nye huset i 25 år. Etter han flytta sokneprest Øystein Hovden inn, i 1927. I 1937 kom Johan Vatne, i 1957 Johannes Holten, i 1964 Gunnar Selvik og i 1972 Olav Rossabø. Eit par vikarprestar har budd der òg, i kortare periodar. Etter Rossabø blei det bygd ny prestebustad, og den gamle blei seld til organist Kristofer Tveit i 1979. Saman med underteikna (Anne) har vi til no hatt 45 flotte år i denne historiske bygningen. Eit stort og gammalt hus kan innehalde så mangt, og her er ei lita historie som viser akkurat det. Då eitt av dei gamle takvindauga på nordsida måtte skiftast (nedst på taket under venstre pipa på fotoet), fann vi nokon papirmateriale inni «skråtaket» som viste seg å vere gamle bøker og tidsskrift. Inni ei av dei gamle bøkene, ei salmebok, kunne

ein tydeleg lese namnet *Aslaug Ottesen*. Og då Oddlaug Løvik og mannen var på besøk i Gulen i 2006, fekk ho overta mor Aslaug si salmebok, slik at boka kom tilbake til slekta.



Det var ikkje berre salmebok, Sions sange og Luthersk Ugeskrift som kom fram frå göymestaden, men òg blad som Magne, Allers, Hjemmet, Symra, Den unges ven, Norsk kundgjørelses-tidende m.fl., alle frå rundt år 1900. Det fortel oss at prestegardane var kulturberarar og opne for tankar og straumdrag som rådde i tida. Jamfør prost Dahl, som skipa eitt av dei første biblioteka i landet, i Eivindvik.



Tekst og foto: Anne Tveit

# Reisebrev 2: Tur til Cuba i januar 2024

Av Ingunn og Aslak Sognnes



*Ein flott gjeng! Foto: Steinar Barmen*

17. januar starta 20 nordmenn på turen til Cuba. Fly via Frankfurt, derifrå over Atlanteren til Cuba, 10-11 timer flytid.

Turen var arrangert av Bjørgvin bispedøme, som har vennskaps-samarbeid med kyrkjelydar på Cuba via Normisjon.

Reiseleiar var Kjell Ove Hatlem, oppvachsen i Hyllestad og no busett i Sandnes.

Han har vore på Cuba over 30 gonger, og er godt kjend med kyrkjelydane og dei vi skulle besøke, i tillegg til at han har følgt utviklinga i landet over tid. Turen var godt planlagd og tilrette-lagd av Plussreiser.

Kva ville møte oss på hi sida av kloden?

Vi var alle spente, litt usikre og forventningsfulle over å reise til eit så eksotisk land, samtidig som vi i gruppa ikkje kjende kvarandre frå før, og det er jo spennande i seg sjølv å reise på tur i to veker med folk du ikkje kjenner!



Vi landa i Holguin, aust på Cuba. Etter tre dagar på eit strandhotell i Guardalavaca for akklimatisering og for å bli litt kjende, var vi klare for å stige om bord i bussen, som frakta oss på langs av heile Cuba.



Laurdag 20.01. besøkte vi hovudkyrkja Iglesia Evangelica Unida i Santiago de Cuba, og søndagen var vi delte opp i grupper som deltok på gudstenester i ulike område i nærleiken.

Den evangelisk-lutherske kyrkja blei godkjend først i 2012, etter ein søknad frå biskop emeritus Halvor Nordhaug, som var på besøk i 2011. Sjølve hadde dei ikkje fått kyrkja godkjend, men med ein norsk biskop sitt stempel gjekk den gjennom!

Fleirtalet i kyrkjelydane er kvinner, mange av dei har høg utdanning og har i tillegg utdanna seg til pastorar. Når kvinnene går i front, har det innverknad på resten av familien, og mange hadde med seg heile storfamilien til gudsteneste!

Fotoet under er frå kyrkjetrappa.



Kyrkjelydane driv utstrekta diakonalt arbeid. Kyrkjelyden Aslak og eg besøkte, hadde med støtte frå Normisjon fått bygt opp att kyrkjerommet etter ein orkan, taket var forsterka slik at

kyrkjerommet fungerer som tilfluktsrom for alle som er i nærleiken neste gong dei treng ly for naturkrefte. Heldigvis finst det solskinshistorier, håpet om eit betre liv var der framleis!



Vi besøkte pastor Yadira i Guantánamo. I huset sitt hadde ho kyrkje på taket, barnehage i stova og i tillegg ein liten «finca» utanfor byen, der ho hadde tilsett folk for å drive jorda.



Jorda fekk ho leige «gratis» av staten, men så måtte ho til gjengjeld leveare 70 % av planlagd produksjon tilbake (staten fastsette kva som var forventa avling/produksjon), til fastsett pris. Jorda måtte dyrkast opp, då den var full av storvaksen tistel (marabou) som har lange piggar og rotstokk på opptil 15 cm i diameter. Den måtte fjernast med hakke! Oksane dei hadde hatt, var blitt stolne, mest truleg hadde dei hamna på eit middagsbord. Målet

var å produsere yoghurt, syltetøy, kokosnøtter, diverse andre frukter og urter for sal, og å kunne gje arbeidsfolka ei anstendig løn. Vi kjøpte med oss ein plastdunk med yoghurt på bussen, den blei fordelt i pappbeger og smakte nydeleg.



*Bønder møter bønder: Ingunn og Aslak i hyggeleg møte med kollegaer på Cuba. Foto Steinar Barmen*

Son til Yadira dreiv med ungdomsarbeid. Når han smilande fortalte om arbeidet, at det no var ca. 100 medlemmar med fleirtal av unge mellom 12 og 35 år, ikkje berre gamle på 45-50, då måtte vi òg dra på smilebandet og tenkje på kyrkjelydane vi kjem frå. Vi måtte spørje: Korleis har de fått til dette? Svaret var at Gud hadde gitt visdom, og med hjelp av Agenda 1, som er eit «program» for disippelgjering, hadde dei gått ut, to og to, og invitert unge inn til ulike aktivitetar. I haust hadde kyrkjelyden invitert til ein stor weekend, 85 møtte opp, 35 blei døypte, 9 par gifta seg, og dei avslutta med ein stor fest som alle kunne vere med på.

I bagasjen vår hadde vi med diverse utstyr som vi fordelte på kyrkjelydane

vi besøkte, mellom anna sanitærartiklar, leiker og teiknesaker, Paracet og Ibux, samt utstyr til solcellepanel, som blei montert av norske frivillige elektrikarar i påska.



Etter nokre dagar i aust bar turen vestover. Totalt tilbakela vi strekninga Tromsø-Oslo i luftline desse dagane. Vi var turistar og opplevde flotte byar etter spanjolane, mest kjend er kanskje Trinidad, som står på Unesco si verdsarvliste. Bussjåføren kørde trygt og godt på därlege vegar, og rett som det var, såg vi oksar med kjerre etter vegen, i byane hest og kjerre, på bru-stein og i tronge gater. Bussen var forresten òg staten sin eigedom, men sjåføren sitt ansvar. Så han stelte den godt, - det var forsikringa hans for å kunne greie å ta vare på familien sin. Gjennom heile turen hadde vi med ein kunnskapsrik og engelsktalande guide, så vi fekk med mykje historie undervegs, gode replikkar og oppklaringar på dei fleste spørsmål.

### **Litt fakta om Cuba:**

- 10 millionar innbyggjarar (1 million emigrerte siste to-tre åra)
- Avstand aust til vest: Oslo-Tromsø i luftline

- Tropisk klima, 21-27 grader middeltemperatur. November-april tørt, mai-oktober vått og med orkanar
- Spansk koloni til 1898, overteke av USA og «frigjort» i 1902
- Stor på sukkerproduksjon
- Revolusjon i 1959, Fidel Castro overtok makta
- Kommunisme og sterke band til Sovjetunionen fram til fallet i 1990
- Cuba er i dag ein eitpartistat, med val, men utan ytrings- og pressefridom
- Staten og militæret eig mykje av næringslivet. Svært begrensa rom for private (men opnar litt for små bedrifter).



*Vi var ein tur innom Fidel Castro si grav, og fekk med oss to vaktskifte. Det var skifte kvart 28. minutt.*



*Det cubanske flagget. To frå Noreg som var spente på kva Cuba har å by på.  
Foto: Steinar Barmen*

Vi har fått med oss at utdanningsnivået er høgt, og at nesten alle kan lese og skrive. På Cuba er det gratis skulegang og utdanning. Cuba har vore kjend for eit godt helsevesen.

Etter endt utdanning er det to år pliktteneste for gutter og tre år for jentene. Nyutdanna legar kan bli beordra langt opp i fjella, langt vekk frå familien. Gutane har i tillegg to års pliktteneste i militæret.

Uansett utdanning, problemet no er at det er mangel på alt: medisinar, utstyr på sjukehusa, drivstoff, straum og nok mat. Cuba har eksportert t.d. legar til mellom anna Peru. No forfall helsevesenet grunna dårlig utstyr, mangel på medisinar og helsepersonell. Helsearbeidarar og legar emigrerer, men har no problem med å få pass! Løna er svært låg. Inflasjonen har vore heilt ute av styring, og dei siste tre åra har alt blitt verre. Ein advokat tener betre på hønehald enn det han får i månadsløn, og mange leiger ut rom i husa sine for å spe på inntektene. Frå 1990-talet har det vore rasjoneringskort, men no rekk ikkje korta du får, til ein heil månad lenger.



Vel framme i Havanna skulle vi besøkje ein liten, nyoppstarta kyrkjelyd. Eit ung utt hadde flytta til Havanna

med formål å starte opp heime i stova si. Alle fekk plass, det var nok stolar! I framtida håpar dei å kunne byggje kyrkje på taket, no var det fin boltre-plass for borna som kom på gudste-nesta.



Borna bidrog med song, deretter sat dei i ein krok og hadde «søndags-skule». Så kan ein spørje seg om kva som gjer at eit ungt par med ein 5 år gamal son flyttar frå aust til vest, begge godt utdanna, utan nettverk i Havanna?

### Refleksjonar i ettertid

Denne turen var ei stor oppleving, men den har i ettertid gitt mange refleksjonar, vi som lever i eit vel-ordna og velfungerande samfunn, med demokratisk styring, sosial utjamning, fordeling av godene og eit fritt ord. Med same himmel over liva våre, med håp og tru, men med heilt andre levevilkår.

Og eg spør meg: Kva tenkjer vi på når vi seier ordet kyrkje? Er det dei flotte bygningane, eller tenkjer vi på det kyrkjelege livet med gudstenester og samlingar som gjev næring for trua vår? Korleis forvaltar VI det vi har fått, med materielle gode og alt vi

treng? Og ikkje minst, i kva grad treng vi fellesskapa våre i kyrkje-lydane?

Vil avslutte med noko av det som stod att etter møtet med ungdomsleiaren:

- Alt av Kristi kjærleik!

*Tekst: Ingunn Foto: Aslak*



*Foto: Steinar Barmen*

### Cubakveldar

I april var det Cubakveld på Mjømna, der Ingunn og Aslak fortalte frå turen. Det blir liknande arrangement for dei andre sokna i løpet av hausten.



### Gulenstemne 2024

**1. september** blir det arrangert Gulen-stemne på Byrknes. Gulenstemna har gått på omgang mellom Brekke, Dals-øyra og Byrknes, og har tradisjon langt tilbake i tid. Dei siste åra har det vore i samarbeid med kyrkja og Brekke og Byrknes bedehus.

I år er det ikkje sett opp gudsteneste i

Gulen denne datoен, og vi inviterer alle til samling i Byrknes bedehus. Det blir formiddagsmøte kl. 11.30 og ettermiddagsmøte kl. 14.00.

Servering av enkel middag kl. 13.00 med kaffi og kaker.

Sondre Orrestad frå Indremisjonsforbundet blir med og taler, og det blir songkor.

Alle er hjartelag velkomne til felles-skap og oppbyggande samling.

*Ingolf Wergeland*

## Borgstova – kva skjer vidare?



Mange lurer sikkert på kva som skjer vidare med Borgstova. Utanpå er ho ferdig, men korleis ser det ut inni?

Det er lagt nytt golv, og hjørnet ved grua har fått panel. Langs vegg mot nord er det bygd opp ein benk, då treverket var rote eit stykke opp.

Det som står att innvendig, er måling av tak og vegger, og installering av lys og varme.

For å bevare det nye, flotte tregolvet, så må vi lage plass til å ta av sko i yttergangen og gå på sokkelesten inne. I den samanheng treng vi nokre

flittige hender som kan produsere tøflar - og kanskje sitjeunderlag til benken? Når vi skal innreie, hadde det vore fint med litt eldre møblement, eit bord, nokre stolar?

Borgstova har blitt brukt på ulikt vis opp gjennom åra, men no skal ho mellom anna brukast som ei lita varmestove for pilegrimar på vandring langs kystpilegrimsleia. Ein stad å kvile foten og ete nista, og få litt informasjon om kyrkja og krossane, Gulatinget og historia som knyter seg til Gulen.

*Ingunn Sognnes*

## Open kyrkje i sommar

Gulen kyrkje blir open for besøkande alle dagar i juli frå kl. 10-18.

I tillegg blir kyrkja open onsdag 21. august til søndag 25. august, i samband med jubileet.

## Endring i stillinga til organist Peter Jobbagy

Frå 1. august er Peter T. Jobbagy tilsett i 40 % stilling som organist i Høyanger kyrkjeloge fellesråd.

Han held fram som organist i Gulen i 60 %, og har sagt opp stillinga som kyrkjetenar og trusopplærar.

Samordning av gudstenestelista og avtale om andre seremoniar som gravferder og bryllaup vert koordinert av kyrkjeverjene i dei to fellesråda.

Dette medfører at det kan bli endringer i gudstenestelista utover hausten, men det vil då bli kunngjort på heimesida. Sjekk kalenderen og Facebook-

sida. Dette betyr at vi må ha inn nokon annan i stillinga som kyrkjetenar på Mjømna og som trusopplærar. Kjenner du nokon som dette kan vere aktuelt for?

*Ingunn Sognnes*



## Takk

Ei varm takk for all god pleie og omsorg som Olga Mjånes fekk den siste tida ho var her hos oss. Og for omsorg for pårørande i den vanskelege tida, frå Gulen sjukeheim. Hjarteleg takk for all omtanke, gode ord, helsingar, blomar, kransar og bårebukettar ved Olga sin bortgang. Ei hjarteleg takk til Bjørn Magne Hansen for ein vakker bisettelse. Takk til alle som var med oss denne dagen.

*Familien*

## Tusen takk

Ei varm takk for all omtanke, helsingar, kransar og blomar me fekk heim og til båra ved Arvid Birknes sin bortgang. Tusen takk for pengegåver til ungdomslaget Haygula.

Stor takk til Bjørn Magne Hansen som skreiv talen, og til Øystein Skauge som stilte opp når Bjørn Magne blei sjuk. Takk til Solgul Blomst og til alle som var med oss i minnestunda.

*Gunnlaug, Ann Helen, Odd Geir og  
Eivind Kåre med familiar*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### **GULEN SOKN:**

**14.04.23:** Lukas Haveland Stensland.

**02.06.24:** Elvida Sofie Mjøs-Austgulen.

#### **BREKKE SOKN:**

**21.04.24:** Eline Sævareid.

**20.05.24:** Sofie Wangensteen Tynning.

#### **MJØMNA SOKN:**

**10.03.24:** Madelen Baarøy Mjånes.

**05.04.24:** Ada Dorthea Wilberg.

#### **SOLUND KYRKJE:**

**30.03.24:** Aurora Skogen Westervik.

### Vigde:

#### **GULEN SOKN:**

**25.05.24:** Caroline Linnéa Foldnes og Ole André Neset Nerdal.

#### **MJØMNA SOKN:**

**25.05.24:** Hanna Bakketeig og Åsmund Slettevold.

### Døde:

#### **MJØMNA SOKN:**

**03.04.24:** Arvid Olav Birknes, f. 1946.

**18.05.24:** Magnar Gjertsen, f. 1945.

#### **GULEN SOKN:**

**05.01.24:** Henny Jorunn Ruud, f. 1948.

**17.05.24:** Inger Lise Haveland, f. 1945.



## Kyrkjekalenderen

**23.06.**, 5. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00.** Offer:  
Changemaker.

**30.06.**, 6. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 15.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer.

**07.07.**, 7. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Fjon fjell-  
kyrkje.

**14.07., 21.07. og 28.07.**: Ikkje  
gudstenester.

**04.08.**, 11. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: NMS.

**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer.

### 11.08. Konsert

**Gulen kyrkje kl. 19.00** ved Amalie  
Duesund og Rune Alver.

**18.08.**: Ikkje gudsteneste.

**25.08.**, Vingardssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00:** Jubileums-  
gudsteneste v/biskop Ragnhild Jepsen  
m.fl. Offer: Kyrkjelydsarbeidet/  
Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba.

**01.09.**, 15. søndag i treeiningstida:  
**Byrknes bedehus kl. 11.30:** Gulen-  
stemne.

**08.09., 16.** søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00:** Innsetjings-  
gudsteneste for Håkon Kinsarvik ved  
prost Helge Taranrød. Konfirmantpre-  
sentasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**15.09.**, Ikkje gudsteneste.

**22.09., 18.** søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon.  
Offer.

**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Håkon  
Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**29.09.**, Ikkje gudsteneste.

**06.10., 20.** søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Hausttakkefest. Ut-  
deling av bøker til 2-, 4- og 6-åringar.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**13.10.: Ikkje gudsteneste.**

**20.10., 22.** søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Hausttakkefest. Utdeling  
av bøker til 2-, 4- og 6-åringar.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Hausttakkefest. Utdeling  
av bøker til 2-, 4- og 6-åringar. Offer.

